

Referat: Møte i Kompetanseforum Vestland 21/6/24

Deltakarar:	Gunnar Yttri (HVL, Bo Byrkjeland (UIB), Øystein Thøgersen (NHH), Adeline Landro (Fagskolen Vestland), Roger Pilskog (LO), Helene Frihammer (NHO), Bjarte Hysing-Olsen (NAV), Sølvi Olrich (KS), Frode Sirhaug (Helse Bergen), Bjørn Lyngedal (VLFK), Bård Sandal (VLFK), Tor Ivar Sagen Sandvik (VLFK), Kathrin Jakobsen (VLFK)		
Fråfall:			
Emne:	Kompetanseforum Vestland – Referat	Sak:	9/24-15/9
Møtetid:	Fredag 21. juni, kl. 9.00 til 12.00	Møtestad:	Teams

Sak 10/24 Godkjenning av referat frå møte i Kompetanseforum Vestland 8/3 2024

Referat godkjent

Sak 11/24 Presentasjon av NAV si bedriftsundersøking

Nav si bedriftsundersøking ser på kva forventningar bedriftene har til sysselsettingsutviklinga det kommande året, om bedriftene har mislukkast i å rekruttere arbeidskraft, og om dette skuldast for få kvalifiserte søkjarar til stillingane. Bjarte Hysing- Olsen (NAV) presenterte hovudfunn frå undersøkinga med fokus på resultatata for Vestland.

Hovudfunna kan oppsummerast slik:

- Etter eit kraftig fall i fjor, er verksemdene sine samla forventningar litt opp frå 2023. Bedriftene, både offentlege og private, forventar stor grad av stabilitet på dei fleste områda.
- Ser vi på delen av dei som forventar betring mot delen som ventar svakare utvikling er desse nær jamstore.
- I NAV ser vi særleg på utsiktene i høve endring i tal tilsette. Tala våre syner at det er litt fleire som ventar vekst enn reduksjon jamført 2023. Det store fleirtalet ventar likevel stabil sysselsetting komande år.
- På dei andre spørsmåla melder bedriftene om noko meir optimisme enn i 2023 som det går fram av figurane på dei neste sidene.
- Verksemdar med tilknytning til oljeverksemd er også i år klart mest optimistiske, men på eit noko lågare nivå enn i fjor.
- Endring i delen bedrifter som har rekrutteringsproblem på sine kompetanseområde er også viktig for NAV t.d. i høve bruk av virkemiddel og rekrutteringsbistand. Som i fjor er mangelen på kvalifisert arbeidskraft stor.

Vedtak: Kompetanseforum Vestland tek undersøkinga til orientering.

Sak 12/24 **Presentasjon av studiesentera i Vestland**

Desentralisert og fleksibel utdanning er eit sentralt tema i den nasjonale kompetansepolitikken, og det har dei siste åra blitt lansert ei rekke politiske styringsdokument som tek opp kompetanseutfordringane i distrikta og som peikar på at desse må løysast gjennom å styrke tilgangen på desentralisert og fleksibel utdanning. Målet er at utdanning skal vere tilgjengeleg for alle uansett kor i landet dei bur og jobbar.

Regjeringa peiker på studiesenter som ein viktig aktør for å dekkje behovet for desentraliserte og fleksible utdanningar framover. Studiesenter blei vart mellom anna framheva i Utsynsmeldinga (2023) som ei ordning Regjeringa ønskjer å vidareutvikle.

Nasjonalt har det dei tre siste åra blitt lyst ut midlar til studiesenter. Ordninga blir forvalta av Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir). Føremålet med ordninga er å mobilisere og å legge til rette for fleksibel og desentralisert utdanning som møter behova til lokalt og regionalt arbeidsliv. Så langt har det berre vore mogleg å søke om støtte for eit år om gangen.

Fire initiativ frå Vestland har fått støtte frå HK-dir (og frå Vestland fylkeskommune) til å etablere studiesenter: Studiehub Nordfjord, HVK Studiesenter (Hardanger/Voss/Kvinnherad) Studiesenteret Kysten og Sogn kompetanse og utdanningscenter.

Studiesentera i Vestland ønskjer ein tettare dialog med Kompetanseforum Vestland og representantar frå studiesentera deltok på møte og presenterte korleis dei arbeider.

Vedtak: Kompetanseforum tek presentasjonen til orientering

Sak 13/24 **Kompetansebehov i arbeidslivet – Innspel til dimensjonering av utdanningstilbodet 2025/26**

Kompetanseforum Vestland har vedteke eit årshjul for arbeidet med innspel på dimensjonering av utdanningstilboda. I tråd med dette er det henta inn innspel frå bransjar og regionar..

Vestland fylkeskommune har ansvar for å utarbeide og oppdatere eit regionalt kunnskapsgrunnlag for kompetanse. Kunnskapsgrunnlaget for 2024 vart presentert på møte i Kompetanseforum Vestland i mars.

Innspela frå dei lokale kompetanseforuma og bransjekontaktane viser at dei fleste innspela som kom i fjor framleis står ved lag. Av dei innmeldte behova går det fram at det framleis er stort behov for fagarbeidarar innan ei rekke område, og fleire melder at det er vanskeleg for bedriftene å rekruttere nok lærlingar. Behova er også store innan helse, og her er det særleg mangel på helsefagarbeidarar og sjukepleiarar. I tillegg får vi innspel på nokre konkrete behov på fagskulenivå.

Eit anna trekk ved innspela frå regionane som har gjort seg gjeldande dei siste par åra og som er endå sterkare i år, er at det meldast om behov for desentraliserte og fleksible utdanningstilbod.

I møtet la sekretariatet fram hovudtrekka i innspela frå regionar og bransjar.

Vedtak: Kompetanseforum Vestland tek innspela til orientering og utdanningsinstitusjonane tek dei inn, saman med «Kunnskapsgrunnlag Kompetanse», som del av sitt kunnskapsgrunnlag i planlegginga av tilboda for skuleåret 25/26.

Gjennomgang av anbefalingar i rapporten «Kartlegging og analyse av regionale kompetanseforum»

Oxford Research har på oppdrag frå Kommunal- og distriktsdepartementet gjennomført ei kartlegging av regionale kompetanseforum. Her har Oxford Research vurdert korleis kompetanseforuma fungerer i dag og kva for rolle dei har. Føremålet med oppdraget har vore å få meir kunnskap om kva rolle kompetanseforuma spelar for å minske gapet mellom tilbod og etterspurnad etter kompetanse i dei regionale arbeidsmarknadene.

Lenke til rapporten: [Rapport om fylkeskommunenes ulike kompetansefora - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no)

I rapporten kjem Oxford Research mellom anna med ei rekkje anbefalingar for vidare utvikling av foruma. Det er store skilnader mellom korleis dei regionale kompetanseforuma er organisert, korleis dei arbeider og kor lang fartstid dei har. Det er difor ikkje alle anbefalingane som er like relevante for alle. Kompetanseforum Vestland, med forløparen Kompetanseforum Hordaland, er eit av dei regionale kompetanseforuma som har hatt mest stabil drift. Kompetanseforum Vestland er og det einaste som fungerer som Råd for samarbeid med Arbeidslivet (RSA) for dei høgare utdanningsinstitusjonane.

Oxford Research anbefalar kompetanseforuma å ta ein gjennomgang av mandatet for å klargjere skiljet mellom mål og oppgåver.

I nokre fylke (mellom anna Vestland) har ein lokale kompetanseforum i tillegg til det overordna kompetanseforumet. Oxford Research peikar i si analyse på at relasjonen mellom det regionale og dei lokale kompetanseforuma synast å vere varierende og uavklart. Dei etterlyser større bevisstheit rundt rolla til dei lokale kompetanseforuma, og oppmodar til å styrke kontakten foruma i mellom og tydeleggjere oppgåver og samspel mellom regionalt og lokale forum.

Andre tilrådingar som er relevante for Kompetanseforum Vestland å diskutere:

- *Styreleder ved fagskoler og UH-institusjoner bør involveres i kompetanseforumenes arbeid. Dette kan eksempelvis gjøres ved at de inviteres inn i et årlig møte i forumene.*
- *Mobilisere flere aktører inn i arbeidet: Dette kan gjøres i form av operative arbeidsgrupper som jobber med konkrete problemstillinger/tema.*
- *Karriereveiledning og kvalifisering bør og kan forholdsvis enkelt integreres tetter i forumenes arbeid siden det er fylkeskommunene som har ansvar for disse områdene.*
- *Fylkeskommunen kan be kompetanseforum om innspill til hvordan fagskolestudieplassene skal fordeles.*
- *60-posten: kompetanseforumene kan gis myndighet til å innstille om bruken av disse midlene.*
- *Forumene kan komme med anbefalinger til forvaltning av BIO-midlene og midler til studiesentrene*

Kompetanseforum Vestland diskuterte:

- Er det behov for ein gjennomgang av mandatet til Kompetanseforum Vestland
- Relasjonen mellom Kompetanseforum Vestland og dei lokale kompetanseforuma
- Dei konkrete tilrådingane i rapporten

Vedtak: Kompetanseforum Vestland tek rapporten til orientering, og ber om å få framlagt ei sak med ei nærare vurdering av følgjande punkt :

- *Mandatet til Kompetanseforum Vestland*
- *Systematisk samarbeid om karriereutvikling*
- *Kompetanseforum si rolle knytt til innretninga på bruken av BIO-midlane*

Sak 15/24 Tema for Stormøte 2024

Etter førre møte har det komme innspel på at tema for Stormøtet 2024 bør vere korleis den demografiske utviklinga og mangel på arbeidskraft påverkar kompetansesarbeidet. Aktuelle undertema kan vere:

- Kva er utfordringsbilete framover for Vestland
- Korleis kan vi organisere arbeidet og jobbe smartare når vi blir færre elevar, studentar og arbeidstakarar
- Korleis kan vi jobbe betre med å inkludere fleire i utdannings- og arbeidsmarknaden

Vedtak: Tema for Stormøte 2024 blir korleis den demografiske utviklinga og mangel på arbeidskraft påverkar kompetansesarbeidet.

Sak 16/24 Eventuelt

Høgskulen på Vestlandet orienterte om at dei har sendt søknad til NOKUT om universitetsstatus.